



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Nils Erling Yndesdal
Telefon: 57 65 54 16
E-post: ney@fmsf.no

Vår dato
18.03.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/750 - 421.4
Dykkar referanse

Naustdal kommune
Askvoll kommune

Reguleringsplan for rutilutvinning i Engebøfjellet - protokoll etter mekling mellom Fiskeridirektoratet region vest og kommunane Naustdal og Askvoll

Kommunane Naustdal og Askvoll har i brev av 17.februar/23.februar bedt om mekling frå Fylkesmannen for om mogleg å avklare motsegn frå Fiskeridirektoratet region vest mot framlegget til reguleringsplan for rutilutvinning i Engebøfjellet.

Meklinga vart gjennomført 15. mars 2011 på Skei Hotell i Jølster.

Dei ulike partane deltok med følgjande personar under meklinga: Frå Fiskeridirektoratet region vest: Regiondirektør Hans Haddal, seniorrådgjevar Kari Morvik, rådgjevar Hanne Marie Utvær; frå Naustdal kommune: Ordførar Håkon Myrvang, varaordførar Harald Kvarme, rådmann Øyvind Bang-Olsen, rådgjevar Annlaug Kjelstad; frå Askvoll kommune deltok: Ordførar Aud Kari Steinsland, varaordførar Frida Melvær, utvalsleiar Magne Follevåg, rådmann Svein Festervoll, plan- og miljøvernleiar Kjersti Sande Tveit.

Meklinga vart leiar av fylkesmann Oddvar Flæte med avdelingsdirektør Nils Erling Yndesdal som sekretær.

Meklinga vart gjennomført med følgjande dagsorden:

1. Velkommen, presentasjon og gjennomgang av meklingsinstituttet
2. Partane presenterer sitt syn
3. Særmøte
4. Fellesmøte
5. Eventuelt løysingsframlegg

Utgangspunktet for meklinga er motsegn i brev av 10.september 2010 frå Fiskeridirektoratet region vest til 2.gongs offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for utvinning av rutil i Engebøfjellet. Det ligg vidare føre referat frå to arbeidsmøte (5.november og 15.desember 2010) mellom Fiskeridirektoratet region vest og kommunane Askvoll og Naustdal. I oversendinga til Fylkesmannen ligg det også ved likelydande saksutgreiing og vedtak frå respektive planutval i kommunane.

Etter at partane hadde presenterte sitt syn, og etter særmøte, kom fylkesmannen med ei skisse til løysing der motsegna til reguleringsplanen vert trekt. Føresetnaden er då at Fiskeridirektoratet under handsaminga av utsleppsløyvet etter ureiningslova, vil vere høyringspart, og vidare kunne ha nærare dialog med Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif).

Kommunane la i si oppsummering vekt på at dei la til grunn konklusjonane i konsekvensutgreiinga når det gjeld tiltaket sin verknad med omsyn til sjødeponiet. Vidare var kommunane opptekne av at eit miljøovervakingsprogram med heimel i utsleppsløyvet vil kunne ivareta omsynet til miljørisiko og miljøkonsekvensar også utanfor det området som reguleringsplanen omfattar. Bakgrunnen for dette er at kommunane har vore opne for krav om ytterlegare utgreiingar, eit krav som Fiskeridirektoratet region vest har gått vekk frå i dialogprosessen.

Fiskeridirektoratet opprettheld motsegna. Dette vert m.a. grunngjeve med konsekvensar som planen kan ha for nasjonale og regionale interesser knytt til miljø- og ressursgrunnlaget for fiskeri- og sjømatnæringa.

Meklinga førde såleis ikkje fram til semje mellom partane.

Vidare framdrift er at kommunane må gjere vedtak i plansaka. Vedtaka sendast så til Miljøverndepartementet via Fylkesmannen. Vi viser til rundskriv T-4/95 frå Miljøverndepartementet som kan følgjast så langt det praktisk let seg gjere. Fylkesmannen sender saka over til endeleg avgjerd i Miljøverndepartementet. Partane sine syn vil kome fram i oversendinga. Vidare vil Fylkesmannen gje si sjølvstendige vurdering av saka.

Med helsing

Oddvar Flæte

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post:

- Fiskeridirektoratet region vest